



Døra i låven lar seg ikkje skyve hvis den blir utsett for trykk, opplyste leiaren i forvaltningskomiteen..(Foto: Ola Matti Mathisen)

Forvaltningskomiteen gjorde onsdag eit samrøystes vedtak om tiltak som vil gje betre og tryggare rømningsvegar på Dønhaug Gjestegard som resultat. Magne Huglen har meint at dei løysingar som er no er trygge nok.



Begge dørene fra kjedlaren skal slå utover. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Problema har vore at berre den eine av dei to dørene frå Dønhaugkjedlaren slår ut og at skyvedøra i låven ikkje lar seg skyve hvis den blir utsett for trykk, oppsummerte leiar Einar Saghaug (Innbyggjarpartiet).

.Han la til at det her ikkje føreligg nokon kompleks situasjon og at dei lokala det gjeld lett kan gjerast rømingssikre.

Men først streka han under at dette er ein typisk teknisk sak og spurde kva den har med politikk å gjera.

- Kvifor er dette lagd fram for komiteen og ikkje løyst administrativt, ville han veta.

Verksemdsleiar Tormod Fossheim svara at alle saker har eit skjønn i seg og det har også denne. Her har administrasjonen lagt fram forslag om visse kompensierende tiltak.

For Huglen har dette vore ei betent sak og administrasjonen fann det naudsynt å drøfta ho med sin overordna, som er forvaltningskomiteen.

Morten Vetvatne (V) hadde ros til administrasjonen for ei god løysing og fann det positivt at kommunen på denne måten passsar på tryggleiken.

Øyvind Hardeland (Ap) roste også administrasjonen og forsto at det hadde vore usemje mellom den og Huglen. Men han vona at slike saker kan bli ordna i størst mogeleg grad utan å hamna på politikarane sitt bord.

Det som skjer etter vedtaket onsdag er at ferdigattesten frå 2005 blir trukke attende for bruksending av låven og kjedlaren som selskapslokaler då avdekka avvik som gjeld rømingstilhøve og brannsikkertheit ikkje er forskriftsmessige. Rømingssveg frå låven er ombygd utan søknad og dokumentasjon etter plan- og bygningslova samt tekniske forskrifter.

Men ettersom sakshandsaminga har drege ut i tid og utfallet av saka ikkje er forutsigbart for eigaren vert det gjeve mellombels bruksløyve fram til 15. februar neste år slik at det kan iverstjast tiltak i høve til gjennomføring av planlagde arrangement.

Det blir sett fleire vilkår for mellombels bruksløyve.

Mellom anna blir det gjeve pålegg om uavhengig kontroll av prosjekterte og utførte tiltak vedrørende bruksending. Eventuelle avvik må vera retta og kontrollerte innan 15. februar. Ved oversitting av denne fristen opphøyrer bruksløyve og eventuell ulovleg bruk vert underlagt plan- og bygningslova.

For første arrangement i låven no i desember skal det dokumenterast at ombygd rømningsveg via utvendig trapp

er utført/plassert forskriftsmessig.

Det er også eit vilkår at det ved arrangement i låven berre er til stades personar som kan bringa seg sjølv i sikkerheit. Det må ved arrangement til ei kvar tid vera minst tre dørvakter for rask og trygg opning av hovudport og rømningsdørar.

Og det skal til ei kvar tid vera minst fire brannvakter med ekstra slokkeutstyr for rakt å slå ned eventuelle branntillaup eller utsetje eit eventuelt brannforlaup.

Av Ola Matti Mathisen